



KYSTVERKET

Vest

Masfjorden kommune
post@masfjorden.kommune.no
5981 MASFJORDEN

Dykkar ref.:
15/813.- 15/5559

Vår ref.:
2014/1159-10

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:
Johan Sørensen

Dato:
06.01.2016

Uttale - Høyrings sak forsøk med oppdrett av tare - Masfjorden kommune - Hordaland fylke

Vi viser til brev av 15. desember 2015 vedkomande søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel om utviding av område for akvakultur (AK 6) i samband med dyrking av tare i tilknytning til anlegg for oppdrett av laks og aure ved lokalitet 36651 Laberget.

I plansamanheng ivaretek Kystverket omsynet til god framkomelegheit, sikker og trygg ferdsel på sjø samt forsvarleg bruk og forvaltning av farvatnet.

Omsøkt lokalitet ligg på nordsida av Fensfjorden/Austfjorden. Det er ikkje registrert farlei her, og det er heller ikkje registrert sjøtrafikk av særleg betydning. Berre mindre fartøy som i hovudsak ferdast i rimeleg avstand frå lokaliteten.

Av navigasjonsinstallasjonar finn ein Kråka fyrlykt søraust for lokaliteten. Ei utviding av akvakulturområdet vil ikkje innebere konflikta i forhold til navigasjonssignal frå lykta.

Etter Kystverkets vurdering vil ikkje ei utviding av akvakulturområdet som omsøkt utgjere nok hinder for vanleg og pårekeleg skipstrafikk i området. Vi har såleis ikkje merknader til at søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel blir imøtekommen.

Med helsing

Knut Stenevik
Adm. sjef

Johan Sørensen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:
Fiskeridirektoratet region Vest postmottak@fiskeridir.no
Engsund Fiskeoppdrett AS sveg@engsund.no

Vest - Plan- og kystforvaltningen

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
		Telefaks:	+47 70 23 10 08	E-post:	post@kystverket.no

For besøksadresse se www.kystverket.no Bankgiro: 7694 05 06766 Org.nr.: NO 874 783 242

Vi ber om at brev, saks korrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

